

**Reguleringsplan**

**NY FYLKESVEG ÅSEN – HELLESKARET  
I OS KOMMUNE**

**TEKSTDEL**

Mai 2006

## Forord

Reguleringsplanen gjeld ny fylkesveg med gang- og sykkelveg på strekninga mellom Åsen og Helleskaret i Os kommune. Planen omfattar i tillegg bygging av ny tilkomstveg med fortau til bustadfeltet Hellebakkane.

Melding om oppstart av planarbeidet vart gjort 20.06.2004 saman med melding om oppstart av reguleringsplanarbeid for E39 Svegatjørn – Rådal og ny veg gjennom Endelausmarka fram til Lyseklostervegen.

Planarbeidet er utført av Statens vegvesen i samarbeid med Os kommune.

Følgjande personar har delteke i planarbeidet:

- Asle Andås, Os kommune
- Sindre Lillebø, Statens vegvesen, oppdragsgjevar
- Erik Neergaard, Statens vegvesen, planansvarleg
- Ole Johan Sæverås, Statens vegvesen, vegplanleggar
- Gunn Cecilie Omre, Statens vegvesen, vegplanleggar

Planmateriellet omfattar dette planhefte med reguleringsføresegner og nedfotograferte plan-kart saman med reguleringsplanen i full målestokk. (1:1000).

Framlegget skal 1. gongshandsamast av det faste utvalet for plansaker, og deretter leggast ut til offentleg ettersyn.

Grunneigarar og naboar vert tilskrivne, og planframlegget vert sendt ut på høyring til offentlege faginstansar.

Om det er merknadar til planforslaget bør ein grunngje kvifor ein ønskjer endringar. Etter at merknadane er komne inn vert dei gjennomgått av det faste utvalet for plansaker. Utvalet kan på grunnlag av merknader gjere framlegg om endringar i planen.

Om endringane er å sjå på som vesentlege vert planen lagt ut på nytt. Planen vert i så fall handsama på nytt i det faste utvalet for plansaker. Planen går så til kommunestyret for vedtak. Planen vert vedtatt i kommunestyret dersom ingen offentlege faginstansar på fylkeskommunalt eller statlig nivå har motsegn.

Etter at plangodkjenning er kunngjort i pressa, vert det 3 vekers klagefrist. Ved eventuell klage /klagehandsaming vert planen sendt fylkesmannen til avgjerd/stadfesting.

**INNHOLD**

<b>FORORD .....</b>	<b>1</b>
<b>1. SAMANDRAG .....</b>	<b>3</b>
<b>2. FØREMÅL MED PLANEN .....</b>	<b>4</b>
<b>3. TILHØVE TIL ANDRE PLANAR .....</b>	<b>4</b>
<b>4. TRAFIKKMENGDER.....</b>	<b>4</b>
<b>5. MASSEOVERSIKT OG MASSEPLASSERING .....</b>	<b>5</b>
<b>6. KOSTNADER OG TIDPLAN.....</b>	<b>5</b>
<b>7. PLANOMRÅDET - AREALBRUK I DAG.....</b>	<b>5</b>
<b>8. SKILDRING AV PLANEN .....</b>	<b>5</b>
<b>8.1 Omtale av vegsystemet.....</b>	<b>5</b>
<b>8.2 Vegstandard.....</b>	<b>6</b>
<b>8.3 Andre tilhøve .....</b>	<b>6</b>
<b>9 VERKNADER AV PLANEN .....</b>	<b>6</b>
<b>9.1 Arealbruk.....</b>	<b>6</b>
<b>9.2 Vegtrafikkstøy .....</b>	<b>6</b>
<b>10 GRUNNERVERV.....</b>	<b>7</b>

Vedlegg:

Reguleringsføresegner  
 Reguleringsplankart i målestokk 1:2000  
 Normalprofil  
 Plan- og profilteikningar

## 1. Samandrag

Reguleringsplanen som no vert lagt frem gjeld ei strekning med om lag 1300 meter ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret. Planen inngår som ei vidareføring av plan P0403 for E39 mellom Svegatjørn og Rådal, og vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og fungere som tilkomstveg til det planlagde industriområde i Endelausmarka og vil kunne inngå som del av eit framtidig ringvegsystem i Os (Ulven – Hagavik – Drange – Endelausmarka).

Planen gjeld ny fylkesveg med separert gang og sykkelveg, kryss og ny tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellbakkane. Ved Helleskaret er det planlagd ei ny rundkøyring og omlegging av om lag 150 meter av dagens fylkesveg som vert arm til rundkøyringa.

I planarbeidet er det lagt vekt på å få til ei løysing som er estetisk godt utforma og som er trafiksikker både for kjørande og for mjuke trafikantar. Kurvatur og standard på vegen er dimensjonert for 80 km/t som såkalla H2 veg.


Gang og sykkelvegen er planlagd med ein tre meter rabatt mot kjørevegen. Langs tilkomstvegen til Hellbakkane er det planlagd eit 3 meter breitt fortau. Det er planlagd undergang for kryssing under fylkesvegen ved krysset mot Hellbakkane.

Prosjektet vil bandlegga areal som i dag stort sett er utmark. Noko av sideareala som vert berørt kan utformast med slake skråningar slik at dei fortsatt kan nyttast i landbrukssammenheng. Det er sett av ekstra areal som gjer dette muleg.

Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 25 millionar 2005 kr. Ein forutset da at vegen vert bygd samtidig med og som del av bygginga av E39 mellom Svegatjørn og Rådal.

## 2. Føremål med planen

Fylkesvegen vil i framtida bli svært sentral for beboarar i området Drange - Søvika, spesielt når den nye vegen mellom Os og Bergen og industriområdet i Endelausmarka er bygd ut. I tillegg vil vegen vera ein viktig del av eit planlagd lokalt ringvegsystem frå Ulven via Hagavik - Drange – Søvik og til Endelausmarka og E39. Sjå kartskisse under.



Dagens fylkesvegtrase er Fv 161 som blandt anna går forbi dei historiske ruinane på Lysekloster og vidare Fv 163 forbi Buena til Søvik.

Kurvatur og standard på eksisterande veg er låg og vegen er ikkje egna for auka trafikk som det nye sambandet mellom Os og Bergen og industriområdet i Endelausmarka vil generere. Vegen forbi Lysekloster vil bli avlasta for trafikk med den nye vegen. Tilbodet for gåande og syklande er heller ikkje bra slik standarden er på vegen i dag.

## 3. Tilhøve til andre planar

Plan P0403, E39-planen, som grensar til denne planen i nordaust, vart lagt ut til offentleg høyring den 30.01.2006. Planen som no vert fremma, plan P0508, er ei vidareføring av den planlagde fylkesvegen som skal gå frå E39 gjennom industrifeltet i Endelausmarka fram til Lyseklostervegen.

Framleggget til reguleringsplan grensar inn til og er samordna med reguleringsplan for byggfeltet Hellebakkane.

## 4. Trafikkmengder

I samband med utgreiing av trafikkmengder vedrørande E39 har ein også berekna framtidig trafikk på ny fylkesveg til Søvik. Desse viser at trafikken på den nye vegen mellom Endelausmarka og Søvik vil vera om lag 2000 kjt./døgn i år 2015. Den nye vegen er dimensjonert ut frå ein framtidig trafikkmengde på opptil 5000 kjt./døgn

## 5. Masseoversikt og masseplassering

Det er ikkje gjennomført boringar eller geotekniske undersøkingar i samband med planen. Vegen er lagt "lett" i terrenget og teoretiske berekningar viser at det vil være behov for tilføring av massar. Det er tenkt å nytte overskotsmassar frå tunnelane som skal byggast på E39.

## 6. Kostnader og tidplan

Byggekostnadene for ny fylkesveg mellom E39 i Endelausmarka og Helleskaret vart kalkulert i samband med ANSLAG-berekninga for E39. Ut frå dette er byggekostnaden for den delen som er omfatta av denne reguleringsplanen kalkulert til om lag 25 mill. kr. (2005). Ein føreset da at bygginga av fylkesvegen skjer samtidig med og som del av bygginga av stamvegen.

## 7. Planområdet - arealbruk i dag.

Avgrensing av planområdet framgår av plankart 1 og 2 i målestokk 1:1000. Sjå vedlegg 2. Arealet innanfor planområdet vert i dag nytta til landbruk (skogbruk).

## 8. Skildring av planen

### 8.1 Omtale av vegsystemet

Planen omfattar tofelts kjøreveg mellom Åsen (Lyseklostervegen) til Helleskaret ved Søvik. Ved Hellebakkane bustadfelt vert det vanleg T-kryss med ny tilkomstveg til bustadfeltet. Tilknytinga til eksisterande vegsystem i Søvik skjer med ei rundkøyring der vegen ned til Søvik/Buene, fylkesvegen vidare mot Drange og den kommunale vegen mot Ulven vert knytta saman.

Det er planlagt gang- og sykkelveg langs heile den nye vegen, skilt frå køyrevegen med ein tre meter brei rabatt. Gang- og sykkelvegen vert ført heilt ned til dagens buss-rundkøyring i Søvik. Langs tilkomstvegen til Hellebakkane er det planlagt fortau langs vegen.

Ved krysset mot Hellebakkane og ved rundkøyringa i Søvik er det planlagt busslommer i begge retningar.

Ved krysset mot Hellebakkane er det planlagt landbruksundergang under vegen.

Lengder for ulike element ca:

Element	Lengde
Ny veg	1550m
Fortau	220 m
Gang - og sykkelveg	1550 m
Utbra veg	300 m
Utbra gangveg	300 m

## 8.2 Vegstandard

Parametrar	
Standarklasse	H2
Dimensjonerande trafikkmengde (ÅDT)	5000
Dimensjonerande fart	80m/t
Køyrefeltbreidde	3,00 m
Skulderbreidde	0,75 m + 0,75 m rekkverk
Total breidde køyrebane	7,50 m
Gang- og sykkelveg	3,0 m
Krysstype	T-kryss og rundkjøring
Minste horisontalkurveradius	200
Minste lågbrekkradius	1600 m
Minste høgbrekksradius	2000 m
Minste horisontalkurve i kryss	450 m
Minste høgbrekksradius i kryss	5300 m
Maksimal stigning	7 %
Maksimal stigning i kryss	5 %
Siktrekant i kryss	10 x 120 m

## 8.3 Andre tilhøve

### Konfliktpunkt

Planen går gjennom skog og utmark og er ikkje i konflikt med bustadhus o.l. Ved Helleskaret kryssar ny veg den kommunale vassleidningen som må leggast om/takast vare på ved gjennomføring av prosjektet.

### Landskapstilpassing

Der det er planlagt store fyllingar er det regulert inn areal for å kunne gjennomføra landskapstilpassing. Dette kan skje ved utslaking av skråningane og andre tiltak for å tilpassa veganlegget til omgjevnadane. Desse areala kan etter at vegen er bygd nyttast til dagens arealbruk – landbruk. Sideareal – grøfter, skjæringar m.v. – skal gjevast ei estetisk god utforming.

### Anleggsvegar, riggområd mv.

Det er ikkje regulert inn anleggsvegar, riggområde el.l. utanom dei areal som er regulert til vegføremål i planen. Ein føresett dermed at dette kan løysast innafor regulert område.

## 9 Verknader av planen

### 9.1 Arealbruk

Den nye vegen vil legga beslag på om lag 25 da utmark og skog. I anleggstida kjem i tillegg areal til landskapstilpassing som vert tilbakeført til landbruksareal når vegen er ferdig. Nokre landbrukseigedomar vil bli delt opp av vegen, men tilkomst til begge sider av vegen er sikra med landbruksundergang.

### 9.2 Vegtrafikkstøy

Framtidig vegtrafikkstøy er ikkje berekna i samband med reguleringsplanen da dei næreste bustadhusa ligg om lag 200 m frå vegen og trafikken er relativt liten. Ein ser det difor som lite sannsynleg at bustadhus vil bli utsett for støy over grensene som er gitt i retningslinjene for vegtrafikkstøy. I gjennomføringsfasen vil ein likevel som del av kvalitetssikringa av bygge-

planen gjennomføra støyvurderingar. Retningslinjene for vegtrafikkstøy vert da lagt til grunn for vurdering av om det skal gjerast støytiltak på bustadhus, skular og andre relevante bygg.

## 10 Grunnavver

Reguleringsplan er formelt grunnlag for å gjennomføra grunnavver. Generelt skal det ervervast grunn til det arealet som er regulert til offentlege formål i planen. For grunn som er regulert til kombinert formål anna veggrunn/landbruk får det offentlege ein disposisjonsrett i anleggstida.

Eigedomsgrenser, gards- og bruksnummer framgår av reguleringsplankartet. Følgjande eigedommar vert berørt av planen:

Gnr.	Bnr.	Heimelshavar	Adresse	Poststad
13	1	Rolf Sørstrømmen	Søvikvegen 12	5215 Lysekloster
13	2	Gunnlaug Lovise Haukeland	Byvegen 901	5212 Søfteland
17	1	Magne Daniel Søvik	Søvikvegen	5215 Lysekloster
17	5	Per-Ivar Bøe	Nordåstræet 4	5235 Rådal
17	6	Jon Søvik	Søvikvegen 66	5215 Lysekloster
17	7	Mette Sperrevik Leif H. Sperrevik	Søvikvegen 40	5215 Lysekloster

**VEDLEGG**

REGULERINGSFØRESEGNER  
REGULERINGSPLANKART  
NORMALPROFILTEIKNING  
PLAN- OG PROFILTEIKNINGAR